



## DEN 16. NORDISKE LÆRERUDDANNELSESKONFERENCE

### INNOVATION I UNDERVISNING OG LÆRING

|                                 |  |
|---------------------------------|--|
| <b>Foredragsholder:</b>         | <b>Camilla Bjørke</b>  |
| <b>Jobtitel:</b>                | Førstelektor   |
| <b>Kvalifikationer</b>          | Cand. Philol.  |
| <b>Organisation:</b>            | Høgskolen i Østfold, Norge   |
| <b>Titel på Præsentationen:</b> | <b>Innovasjon eller tradisjon? Norskopplæring i et andrespråks- og arvespråksperspektiv</b>  |
| <b>Type af præsentation:</b>    | Posterpræsentation   |
| <b>Sprog:</b>                   | Skandinavisk   |
| <b>Tema:</b>                    | <b>8. Andet</b>  |
| <b>Abstrakt:</b>                | <p>Stikkord: Andrespråk, Arvespråk, Læreplan, Språklæring, Nordahl Rolfsen</p> <p>2 I Noreg finn vi i dag ei stor innvandrargruppe med (unge) vaksne som har krav på norskopplæring, og for desse er det utvikla eigne planar og læreverk. Læreplanen (Kunnskapsdepartementet 2012) for denne gruppa er tredelt, avhengig av skolebakgrunnen til den som skal lære norsk. I denne presentasjonen tek vi utgangspunkt i innvandrargruppa med mange års skolegang. Av dei mest brukte læreverka som byggjer på denne planen, er serien På vei, Stein på Stein, Her på berget (Cappelen 2014-2018), og denne skulle dermed representere “state of the art” innafor norskopplæring av (unge) vaksne innvandrarar. Men etter ein gjennomgang av eit hundre år gammalt læreverk (Rolfsen), stiller vi spørsmål ved kor nyskapande og innovativ dagens plan, og dermed også læremidla som byggjer på denne, eigentleg er. I norsk skolesammenheng står Nordahl Rolfsen i ei særstilling. Frå 1890-talet og fram mot 1950-talet var leseverket hans svært dominerande i folkeskolen, og lesebøkene hans vart trykt i over 8 millionar eksemplar. Mindre kjent er det at Rolfsen tidleg på 1900-talet også laga eit eige leseverk for unge vaksne i Det norske Amerika, og dette er det første norskspråklege verket for fleirspråklege lesarar. Men trass i at det er hundre år mellom leseverket til Rolfsen og serien På vei, og dei rettar seg mot to svært ulike innvandrargrupper, finn vi overraskande mange fellestrekk i dei. Vi undersøker derfor kor innovativ</p> |



læreplanen egentleg er, og vi stiller vidare det retoriske spørsmålet om ikkje Rolfsens verk ogå kunne brukast med utgangspunkt i dagens læreplan. Askeland, N.; Aamotsbakken, B.; Skjelbred, D. & Maagerø, E. (2017). Norsk lærebokhistorie. Allmueskolen - folkeskolen - grunnskolen 1739-2013. Oslo: Universitetsforlaget. Haukås, Å.; Bjørke, C. & Dypedahl, M. (2018). Metacognition in Language Learning and Teaching. New York: Routledge. Hvenekilde, A. (1992). Hvad gjør vi saa med arven: en studie av abc-er og lesebøker utgitt til norsk morsmålsundervisning i Amerika. Oslo: Acta Humaniora. Universitetet i Oslo. Kunnskapsdepartementet. (2012). Forskrift om læreplan i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2012-04-19-358> Polinsky, M. (2018). Heritage Languages and their Speakers. Cambridge: Cambridge University Press. Rolfsen, N. (1912-1915). Boken om Norge 1-5. Kristiania: Dybwad.